

Ordens- og åtferdsreglar på Rossland skule

- 1) Ver slik at alle kan vera din venn og trivast på skulen. Vis respekt, ver høfleg og vennleg. Leik slik at ingen vert skada. Du skal retta deg etter det vaksne seier.
- 2) Alle skal ha det trygt og godt på skulevegen, på skulebussen og på skulen vår. Ingen skal plaga eller godta at andre vert plaga. Å seia frå om plaging er ikkje å sladra. Mobbing og krenkingar skal varslast til rektor.
- 3) Elevane skal vera på skulen sitt område i skuletida dersom ikkje anna er avtala med lærar.
- 4) For å læra treng ein arbeidsro. Møt presis og førebudd til undervisning, og ha med det du treng til undervisninga (bøker, skrivesaker og anna utstyr). Du har din del av ansvaret for at klasserommet er ein god arbeidsplass. Du skal ikkje uroe undervisninga. Fokuser på arbeidsoppgåvene dine og vis god arbeidsinnsats. .
- 5) Når du er på veg frå ein stad til ein anna, beveger du deg på ein slik måte at ingen vert uroa.
- 6) Du skal ta vare på skulen, skulesakene og miljøet rundt, og alle skal få ha skulesakene og eigendelane sine i fred.
- 7) Vis god orden. Heng ytterklede i gangen og set skoa fint opp. Alt bosset skal sorterast i bioboss, papirboss og restavfall.
- 8) Det er ikkje lov til å bruka WC og gangar som opphaldsrom.
- 9) Det er berre lov å kasta snøball mot fast blink på tilvist område.
- 10) Du får ikkje ha søtsaker med på skulen, og du skal heller ikkje bruke tyggegummi i timane.
- 11) På grunn av fare for skadar, er det ikkje lov å bruka sykkel, sparkesykkel, rulleskøyter/-brett på skuleplassen eller ved skulebussen. Det er heller ikkje lov å ha med potensielt farlege gjenstandar, til dømes kniv, på skulen
- 12) Bruk av tobakk og/eller rusmidler er strengt forbode på og i nærleiken av skulen. Du har heller ikkje lov til å ha med deg tobakk, fyrstikker, lighter eller rusmidler på skulen.
- 13) Reglar for bruk av mobiltelefon
Det er ikkje lov å ta bilete av andre elevar på skulen eller skulevegen utan samtykke.
Gjeld for ungdomssteget:
 - Mobiltelefonen skal uopfordra slåast av og leggjast i mobilhotellet i klasserommet kvar morgon.
 - Mobiltelefon kan brukast i skuletida dersom det er ein del av eit undervisningsopplegg godkjent av lærar.**Gjeld for barnetrinnet:**
 - Mobiltelefonen og smartklokker skal vera avslått i sekken i skuletida

- 14) Andre viktige ting å hugsa på:
 - Det skal søkjast skriftleg for å få permisjon frå skulen. De finn elektronisk skjema på heimesida til skulen.
 - Du skal levera melding med ein gong du kjem attende på skulen etter du har vore sjuk.
 - Du skal melda frå til ein lærar dersom du skader deg på skulen eller skulevegen.

Brot på ordens- og/eller åtferdsreglane vert registrert som merknad og fører til samtale med kontaktlærar som melder merknadane vidare til heimen. Ved gjentekne eller alvorlege regelbrot vert det samtale med rektor.

For elevar på små og mellomtrinnet kan gjentekne eller alvorlege brot føra til at eleven vert vist bort frå skulen i enkelttimar eller for resten av dagen. I slike tilfelle skal heimen informerast først.

For elevar på ungdomsskulen kan brot på reglane føra til nedsett ordens- og/ eller åtferds karakter. Brot på reglane kan føra til attsitting eller bortvisning frå skulen i inntil 3 dagar.

Den som er uforsiktig og/eller bryt reglar slik at inventar eller materiell vert øydelagt, må du rekna med å betala for skaden. Bortkomne bøker må erstattast.

Dersom du ikkje heldt deg til reglane for bruk av mobiltelefon, vert telefonen inndratt resten av dagen.

I mobbe- og krenkelsessaker skal det utarbeidast ein tiltaksplan, og i særlege tilfelle kan mobbaren flyttast til ein annan skule.

Rosland skule 01.08.2018

Hogne Brunborg
- rektor -